## Salssuksess for boka om Gustaven

12.09.2008




Boka om Gustaven er snart utseld

**- Setesdalsforlaget har no berre svært få eksemplar att av boka om Gustav Bergstø, opplyser forlagssjef Ånund K. Homme som kallar dette for ein salssuksess.**

Homme stifta Setesdalsforlaget i 1997 med det mål å gje ut bøker på nynorsk. På dei 11 åra som har gått har dei gjeve ut over 150 titlar.
Forlaget arbeider etter eit såkalla print on demand-system der opplaget kan vera nede i 100 eksemplar, og der forfattaren står ansvarleg for det meste av salet.

Bergstø-boka vart trykt i 400 eksemplar. Forfattaren selde raskt ut sine 300, og no minkar det altså på dei 100 som forleggjaren sat med.

Den fyrste boka til Olaf Agnar Gausvik, ”Det droplar og dryp”, er omtala på heimesida til Setesdalsforlaget som ei morosam, slagferdig, rørande og mangfaldig bok. Fyrsteopplaget vart utseld på berre tre dagar.
Andre opplag av boka kan framleis kjøpast hos Setesdalsforlaget og hos Gausvik skrivestove.